



GOL KOMMUNE

*Gol ligg midt i Hallingdal og er ein kommune med ca. 4.700 innbyggjarar. Gol er eit knutepunkt i regionen, med eit allsidig næringsliv, særleg innan reiseliv, handel og jordbruk. Kommunen byr på gode moglegheiter for aktiv fritid, både innan friluftsliv og kultur. Her er det gode idrettsanlegg bla ny fleirbrukshall, symjehall, to kunstgrasbanar, alpinanlegg og langrennsstadion. Gol har eit koseleg sentrum og er ein populær handleplass med mange og varierte butikkar. Kommunen har god barnehagedekning, ny barne- og ungdomsskule og vidaregåande skule. [www.gol.kommune.no](http://www.gol.kommune.no)*

## Fastlege ved Gol kommunelegekontor frå 1.1.2019 med null-avtale og 20 % stilling i offentleg legearbeid

Det er oppretta 1 ny heimel som fastlege i Gol kommune frå 1.1.2019. Det er 5 legar og 1 turnuslege samla i eit kommunalt legekantor og 1 lege som driv privatpraksis i eige lokale.

Det er under arbeid eit prosjekt for å få etablert utdanningsstillingar for allmennlegar i Hallingdal i samarbeid med Hallingdal sjukestugu.

Ynskjer du eit spennande og variert legeliv med arbeidsoppgåver som inkluderer det meste, og med gode samarbeidspartnarar, er dette arbeidsstaden for deg. Kontoret er velutstyrt, med blant anna skadestuer og mykje moderne utstyr, blant anna digitalt røntgenutstyr og ultralyd.

Kommunen eig og driftar kontoret med erfarne medarbeidarar og sjukepleiarar. Per d.d. er det ca. 3.300 innbyggjarar på fastlegelister. I tillegg utgjer nødvendig legehjelp til Gols mange besøkande ein betydeleg del av arbeidet.

Det er for tida legevaktsamarbeid med Hemsedal kommune, 7-delt kvelds-/ helgevakt. Det er interkommunalt samarbeid om nattlegvakt for heile Hallingdal med base i nabokommunen Ål, med ca. 20-delt nattevakt.

På vanleg måte er fastlegane i Gol tilplikta 20 % offentleg legearbeid. Fordeling på dei ulike oppgåvene skjer i samarbeid mellom legane og kommunen. Denne utlysinga på 20 % er for tida knytt opp til funksjon som sjukeheimslege.

Heimelen har eit listetak på inntil 800 pasientar som tilsvarar ein full legeheimel i kommunen.

### Vi søker:

- Du er fagleg dyktig med evne til å ta sjølvstendig ansvar og har vilje til fleksibilitet
- Du har interesse for fagutvikling, kvalitetsarbeid og vilje til tverrfagleg samarbeid
- Du har gode kommunikasjonsevner med pasientar, pårørande og samarbeidspartnarar
- Du er personleg eigna som fastlege og kollega
- Du har gode samarbeidsevner med kollegaer og medarbeidarar
- Du har god skriftleg og munnleg framstillingsevne i norsk

### Kvalifikasjonar:

- Lege med norsk autorisasjon
- Spesialist i allmenntmedisin eller er under utdanning som spesialist i allmenntmedisin
- Gode norskkunnskapar både munnleg og skriftleg
- Førarkort for bil

### Andre krav:

- Søkar må slutte seg til interne avtaler på lik line med dei andre legane
- Full deltaking i legevaktarbeidet
- Politiattest
- Det vil bli innhenta referansar

### For heimelen gjeld:

- Disponering av legekantor og tilgang til medarbeidarar og utstyr ved kommunelegekontoret. Forbruksmateriell og medisinar må refunderast til kommunen.

Spørsmål om stillinga kan rettast til avdelingsleiar Ingebjørg By Teigen tlf.91348300.  
**Søknadsfrist: 20.10.2018.**

Send skriftleg søknad med CV til Gol kommune: [postmottak@gol.kommune.no](mailto:postmottak@gol.kommune.no)